



Tiltaksplan for Vestland tannhelseteneste

Oversikt over tiltak fram mot 2036

Innhold

Tiltaksplan for tannhelsetenesta i Vestland	3
Innsatsområde 1: Førebygging og helsefremming.....	5
Innsatsområde 2: Kompetanse og forskning.....	9
Innsatsområde 3: Kvalitet og pasienttryggleik	25
Innsatsområde 4: Berekraftig organisering.....	33

*Fylkeskommunen har ansvar for at
tannhelsetenester og spesialisthelsetenester i
rimeleg grad er tilgjengeleg for alle som
bur eller oppheld seg i fylket.
(Strategisk plan 2024 – 2036)*

Tiltaksplan for tannhelsetenesta i Vestland

Fylkestinget vedtok 1. oktober 2024 temaplan for Vestland tannhelse som skal sikre ein strategisk og overordna plan for ei berekraftig tannhelseteneste i Vestland. Den skal sette retning og vere eit grunnlag for korleis fylkeskommunen skal løyse samfunnsoppdraget, samarbeide, ta i mot auka pasientmengd, prioritere og fatte avgjersler i utviklinga av tannhelsetenesta i Vestland fram mot 2036. Temaplanen skal vere kartet som viser kvar tenesta skal gå og grunnmuren for å bygge tenesta for framtida.

Gjennom fire innsatsområde tar temaplanen høgde for samfunnsendringar, utviklingstrekk og utfordringar som vil påverke den framtidige tannhelsetenesta. Med bakgrunn i temaplanen er det vedtatt å legge fram tiltaksplan med tiltak knytt til kvart innsatsområde.

I perioden etter at temaplan for tannhelsetenesta vart godkjent i oktober 2024 har tannhelsetenesta jobba med tiltaksutvikling. Det har vore viktig med brei medverknad frå aktuelle grupper og då særleg dei tilsette i tannhelsetenesta i Vestland. Med utgangspunkt i utfordringsbilete, innsatsområda og strategiane i temaplanen har tannhelsetenesta utarbeida denne tiltaksplanen.

Tiltaksplan

Tiltaksplan for tannhelsetenesta i Vestland skal gje ei oversikt over tiltak som skal gjennomførast i tannhelsetenesta i åra som kjem fram mot 2036. Bakgrunn for tiltaka er utfordringar som er identifisert i temaplan for tannhelsetenesta i Vestland og som også er i tråd med erfaringar frå andre fylke. Vestland tannhelseteneste har utfordringar knytt til:

- Demografi
- Sosial ulikskap
- Endra behandlingsbehov og behandlingsfilosofi
- Tverrfagleg spesialiserte tenester
- Meir ressurskrevjande pasientar
- Fleire prioriterte pasientar – færre vaksne betalande friske pasientar
- Tverrfagleg samarbeid og koordinerte tenester
- Stabilisere og rekruttere tannhelsepersonell
- Utvikling på tannhelsefeltet, ny kunnskap og forskning
- Ulik størrelse og tilbod på klinikkar
- Digitalisering og utvikling i teknologi

For å møte desse utfordringane skal tannhelsetenesta rette særleg innsats mot:

- Førebygging og helsefremming
- Kompetanse og forskning
- Kvalitet og pasienttryggleik
- Berekraftig organisering

For å kunne lese tiltaksplanen utan inngåande kjennskap til temaplanen, er det sett opp detaljert forankring til strategiar for kvart innsatsområde.

Tiltaka vil bli skildra slik det går fram av boksen under:

Tiltak nr.	Namn på tiltaket
Forankring	Viser til kva innsatsområde, ev. strategi, i temaplanen til tannhelsetenesta som tiltaket er forankra i. Mange av tiltaka svarar ut fleire strategiar. Hovudstrategi er nemnt under forankring.
Føremål med tiltaket	Skildring av innhaldet i tiltaket og målet med det
Kunnskapsgrunnlag	Kunnskap som ligg til grunn for tiltaket
Ansvar	Tannhelsetenesta har ansvar for å følgje opp tiltaka i denne planen
Samarbeidspartar	Kven som er involvert i tiltaket i tillegg til tannhelsetenesta
Oppstart/tidsperiode	Oppstart av tiltaket og kor lenge det ev. skal vare
Ressursar/finansiering	Der det er andre partar som deltek med ressursar eller i finansieringa så skal det gå fram her
Evaluering ev. indikator/måling	Kva parameter som er aktuelle for å evaluere tiltaket. Korleis tiltaket skal vurderast.

Innsatsområde 1: Førebygging og helsefremming

Mål:

Vestland tannhelseteneste skal bidra til at befolkninga sjølv er i stand til å oppnå og bevare god munn- og tannhelse gjennom heile livet.

Strategiar:

- Utvikle tenesta med omsyn til demografiske endringar/ei aldrande befolkning
 - fleire eldre og færre yngre i åra framover
 - meir komplekse helseutfordringar og meir ressurskrevjande pasientar
 - fleire heimebuande eldre (Bu trygt heime-reforma)
- Auke tverrfagleg samarbeid
 - gjennom samarbeid med kommunar, utdanningsinstitusjonar, helseføretak, spesialisthelsetenesta og frivillig sektor
- Utjamne sosial ulikskap
 - gjennom befolkningsretta tiltak og tiltak retta mot område i kommunane der levekårsutfordringane er størst

*Befolkningsretta tiltak viser seg å vere mest effektive i folkehelsearbeidet.
(Strategisk plan 2024 – 2036)*

Tiltak:

Tiltak 1	Utarbeide rutine for heimebesøk
Forankring	Innsatsområde 1: Førebygging og helsefremming. Strategi: utvikle tenesta med omsyn til demografiske endringar/ei aldrande befolkning.
Føremål med tiltaket	Lage rutine for heimebesøk og oppfølging i heimen for å sikre god tann- og munnhelse for personar som ikkje kjem seg til tannklinikken
Kunnskapsgrunnlag	Temaplan for tannhelsetenesta i Vestland. Folkehelsemeldinga.
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Kommunar
Oppstart/tidsperiode	2025 - 2027
Ressursar/finansiering	Vestland tannhelseteneste, innanfor eksisterande rammer
Evaluering ev. indikator/måling	Ferdig rutine og implementeringsplan. Implementeringsplan skal inkludere målbare indikatorar og evalueringspunkt.

*Folkehelsearbeidet i tannhelsetenesta er med på å redusere sosial ulikskap og skal prioritere innsats der levekårsutfordringane er størst.
(Strategisk plan 2024 – 2036)*

Tiltak 2	Samarbeid med kommunane om tilrettelagte behandlingsrom på nye institusjonar
Forankring	Innsatsområde 1: Førbygging og helsefremming. Strategi: tverrfagleg samarbeid.
Føremål med tiltaket	Tannhelsetenesta har behov for tilrettelagte behandlingsrom for å kunne gi gode tenester til personar på institusjon. Tannhelsetenesta skal gå i dialog med kommunane for å etablere eit samarbeid.
Kva kunnskap ligg til grunn for tiltaket?	Temaplan for tannhelsetenesta
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Kommunar
Oppstart/tidsperiode	2025 - 2030
Ressursar/finansiering	Vestland tannhelseteneste, innanfor eksisterande rammer
Evaluering ev. indikator/måling	Andel nye institusjonar med tilrettelagte behandlingsrom

Tiltak 3	Tannhelsepersonell i kommunane sine oppfølgingsteam
Forankring	Innsatsområde 1: Førbygging og helsefremming. Strategi: tverrfagleg samarbeid.
Føremål med tiltaket	Bidra i tverrfaglege kommunale oppfølgingsteam i dei kommunane vi ikkje er representert i
Kunnskapsgrunnlag	Temaplan for tannhelsetenesta i Vestland
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Kommunar
Oppstart/tidsperiode	2027 - 2030
Ressursar/finansiering	Vestland tannhelseteneste, innanfor eksisterande rammer
Evaluering ev. indikator/måling	Andel kommunar/oppfølgingsteam der tannhelsetenesta har representant

Tiltak 4	Kartlegge og vurdere innkallingsintervall for 3 - 18-åringar
Forankring	Innsatsområde 1: Førebygging og helsefremming. Strategi: utjamne sosial ulikskap.
Føremål med tiltaket	Kartlegge og vurdere innkallingsintervall på pasientar i alderen 3 – 18 år
Kunnskapsgrunnlag	Temaplan for tannhelsetenesta i Vestland. Tannhelsetjenester til barn og unge 0 – 20 år (Helsedir.)
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Tannhelsetenesta i andre fylke
Oppstart/tidsperiode	2026 - 2028
Ressursar/finansiering	Vestland tannhelseteneste, innanfor eksisterande rammer
Evaluering ev. indikator/måling	Måle endring i innkallingsintervall

Tiltak 5	Revidere forskrift om skyssrefusjon for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta
Forankring	Innsatsområde 1: Førebygging og helsefremming. Strategi: sosial utjamning. Innsatsområde 3: Kvalitet og pasienttryggleik. Strategi: meir tilgjengeleg og rettferdig fordelt tannhelseteneste. Fylkestingsvedtak oktober 2024 (PS 114/2024)
Føremål med tiltaket	Sikre rettferdig fordeling av skyssrefusjonar og mest mogleg utjamning av kostnadar med reise til tannbehandling
Kva kunnskap ligg til grunn for tiltaket?	Temaplan for tannhelsetenesta
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Tannhelsetenesta i andre fylke
Tidsperiode	2025 – 2027
Ressursar/finansiering	Vestland tannhelseteneste, innanfor eksisterande rammer
Evaluering ev. indikator/måling	Ferdig revidert skyssrefusjonsordning og plan for implementering. Implementeringsplanen skal innehalde måle- og evalueringspunkt.

Innsatsområde 2: Kompetanse og forskning

Mål:

1. Vestland tannhelseteneste skal ha solide fagmiljø med høg fagleg standard som legg vekt på utvikling og læring.
2. Tenestene skal vere attraktiv og konkurransedyktig og kunne rekruttere og behalde kvalifisert personell.
3. Vestland tannhelseteneste skal bidra inn i ein målretta, heilskapleg og koordinert nasjonal innsats for forskning, utvikling og innovasjon innanfor tannhelsetenesta.

Strategiar:

- Betre fordeling av tannhelsepersonell
 - Justere den geografiske skeivfordelinga
 - Få til ei betre spreiding av kompetansen i fylket
- Avgrense gjennomtrekk av personell og auka rekruttering
 - Jobbe systematisk for å vere ein attraktiv arbeidsplass
 - Oppretthalde møteplassar med aktuelle søkarar, vere synleg og få fram kva moglegheiter som finst i tannhelsetenesta i Vestland
 - Sikre at personar under opplæring får ein god praksis og positive opplevingar med Vestland tannhelseteneste
 - Sikre tilstrekkeleg løn og kompetanseutvikling
 - Sikre at tilsette kjenner seg godt tatt vare på, fagleg trygge og har eit fagleg og sosialt fellesskap
 - Sikre at tilsette opplever samsvar mellom krav og kontroll og har system og personar rundt seg der den tilsette kan få nødvendig støtte og råd
- Bygge solide fagmiljø
 - Legge til rette for læring, erfaringsutveksling, samhandling, forskning og kunnskapsdeling i den kliniske kvardagen
- Betre oppgåvefordelinga i tannhelsetenesta
 - Fordele oppgåver som ikkje er avhengig av tannhelsefagleg kompetanse til anna personell eller vurdere om det er mogleg å automatisere oppgåvene ved hjelp av teknologi og digitale løysingar
 - Legge større vekt på førebyggjande tenester og hjelp til sjølvhjelp
- Meir tverrfaglege spesialiserte tenester
 - Vidareutvikle dei tverrfaglege spesialiserte tilboda i tannhelsetenesta
 - Styrke samarbeid med relevante samarbeidspartar
- Utvikle kompetansen i tenesta
 - Utvikle kompetanse på førebygging, spesialisert og tverrfagleg kompetanse
 - Skape rom for utvikling og kompetanseheving i tannhelsetenesta

- Betre leiing og støttefunksjonar
 - Utvikle kompetanse på leiing og styring
 - Sikre at leiarane tar ansvar for å sette retning, utvikle tenesta, systematisk kvalitetsarbeid og forbetring
 - Sikre at leiarane skaper gode og tydelege rammer for dei tilsette
 - Satse på leiarutvikling og sikre at leiarane i alle ledd i tenestelinja er trygge og gode i sine leiarfunksjonar, ansvar og oppgåver
 - Leiarane skal prioritere oppfølging av sine tilsette og utvikling av tenesta
 - Stab og støttepersonell skal avlaste og gi støtte både til leiarane i tenesta og til tannhelsepersonellet på klinikkane
- Betre forvaltning av kompetanse
 - Sikre at tenesta får mest mogleg ut av den kompetansen som finst i tenesta
 - Kartlegge, ha oversikt over og ha plan for:
 - eksisterande kompetanse
 - kva kompetanse det er behov for
 - tiltak for å sikre nødvendig kompetanse
 - overføring av kompetanse og
 - korleis tenesta forvaltar kompetansen
 - Bygge ein lærande organisasjon med tydeleg retning og forventingar om kva kompetanse tenesta skal ha
 - Sikre god forvaltning av arbeidsstokken ved at tannhelsetenesta har gode:
 - relasjonar
 - tilhøyrse, støtte og tillit frå leiar og kollega
 - rammevilkår
 - arbeidsplan og -oppgåver, løn, fysisk fasilitetar, IT-system
 - fagleg fundament
 - moglegheiter for utvikling (kunnskap, forsking, erfaring, fagleg påfyll og kurs, fagstøtte og rettleiing)
- Auke fokus på tenesteforskning og praksisnær forsking
 - Sikre at tenestene og tiltaka tannhelsetenesta gjennomfører er kunnskapsbaserte
 - Sikre tett samarbeid og dialog mellom forskingsmiljøa og tenesta
 - Sikre at det er behova og utfordringane i tenesta som blir lagt til grunn i val av forskingsprosjekt
 - Sikre at ny kunnskap blir raskt og godt implementert i tenesta
 - Skaffe meir kunnskap om kva førebyggjande og helsefremmande tiltak i tannhelsetenesta som er effektive og bør prioriterast
 - Meir tenesteforskning som tar utgangspunkt i organisering av samarbeidet mellom tannhelsetenesta og andre helse- og omsorgstenester
 - Lage rom for meir praksisnær forsking og ressursar til at tilsette i tenesta kan delta i dette
 - Legge til rette for strategisk og aktiv rekruttering av den kompetansen som trengst for å kunne utvikle eit forskingsmiljø som bidrar til å skaffe kunnskapsgrunnlag, innovasjon og teknologi som trengst i tenesta
 - Støtte opp om strategien «Saman om kunnskapsløft for oral helse, Forskings- og innovasjonsstrategi på tannhelsefeltet (2017-2027)»

Tiltak:

Tiltak 6	Utgreie og pilotere alternativ med offentlig tilsett kjeveortoped
Forankring	Innsatsområde 2: Kompetanse og forskning. Strategiar: <ul style="list-style-type: none">• betre fordeling av tannhelsepersonell• meir tverrfagleg spesialiserte tenester Fylkestingsvedtak mars 2024 (PS 35/2024)
Føremål med tiltaket	Tannhelsetenesta skal utgreie alternativ med offentlig tilsett kjeveortoped og pilotere dette i tillegg til å utgreie andre alternativ for å sikre god spreining av det kjeveortopediske tilbodet i Vestland
Kva kunnskap ligg til grunn for tiltaket?	Temaplan for Vestland tannhelseteneste
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Tannhelsetenesta i andre fylke
Tidsperiode	2026 - 2028
Ressursar/finansiering	Tiltaket føreset ei finansiering utover eksisterande rammer. Kostnadar med tiltaket må vurderast i samband med årlege budsjett- og økonomiplanar. Finansieringsbehovet vil bli inkludert i utgreiinga og meldt inn i samband med årleg budsjettprosess.
Evaluering ev. indikator/måling	Ferdig utgreiing og evaluering av eventuell pilot

*Vestland ønsker å justere den geografiske skeivfordelinga og få til ei betre spreining av kompetansen i fylket.
(Strategisk plan 2024 – 2036)*

Tiltak 7	Betre konkurransevilkår for å kunne stabilisere og rekruttere tannhelsesekretærer, tannpleiarar, tannlegar og serviceteknikarar i tannhelsetenesta
Forankring	Innsatsområde 2: Kompetanse og forskning. Strategi: avgrense gjennomtrekk av personell og auka rekruttering.
Føremål med tiltaket	Sikre konkurransedyktige vilkår. Der det er særlege utfordringar med å stabilisere og rekruttere personell skal det leggest til rette for særlege konkurransevilkår og/eller anna kompensasjon som kan sikre stabilitet og rekruttering.
Kva kunnskap ligg til grunn for tiltaket?	Temaplan for tannhelsetenesta
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Andre einingar i Vestland fylkeskommune
Tidsperiode	2025 – 2036
Ressursar/finansiering	Finansiering utover eksisterande rammer. Kostnadar med tiltaket må vurderast i samband med årlege budsjett- og økonomiplanar.
Evaluering ev. indikator/måling	Prosentvis auke i stabilitet og rekruttering i tannhelsetenesta

*Vestland tannhelseteneste
ønsker å ha fagmiljø der det er lagt til rette
for læring, erfaringsutveksling, samhandling,
forskning og kunnskapsdeling i den kliniske
kvardagen.
(Strategisk plan 2024 – 2036)*

Tiltak 8	Betre rekrutteringsprosessar
Forankring	Innsatsområde 2: Kompetanse og forskning. Strategi: avgrense gjennomtrekk av personell og auka rekruttering.
Føremål med tiltaket	Utarbeide felles rutine for tilsettingar i tannhelsetenesta og nytte ORO-HR-ressursar til støtte og oppfølging i tilsettingsprosessar
Kva kunnskap ligg til grunn for tiltaket?	Temaplan for tannhelsetenesta
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Andre einingar i Vestland fylkeskommune, ORO-HR
Tidsperiode	2025 - 2027
Ressursar/finansiering	Vestland tannhelseteneste, innanfor eksisterande rammer
Evaluering ev. indikator/måling	Ferdig rutine og implementeringsplan. Implementeringsplanen skal innehalde måle- og evalueringspunkt.

Tannhelsepersonell vil bli ein enda meir knapp ressurs i framtida. Dette gjer det enda viktigare å fordele oppgåvene godt.
(Strategisk plan 2024 – 2036)

Tiltak 9	Tilpasse Vestland fylkeskommune sine rutinar for on-boarding, reboarding og off-boarding til Vestland tannhelseteneste
Forankring	Innsatsområde 2: Kompetanse og forskning. Strategi: avgrense gjennomtrekk av personell og auka rekruttering.
Føremål med tiltaket	Sikre god og trygg innføring, undervegsoppfølging og avslutning i tannhelsetenesta for tilsette. Sikre at leiarar har systematisk og likt verktøy når tilsette startar og sluttar i tannhelsetenesta.
Kva kunnskap ligg til grunn for tiltaket?	Temaplan for tannhelsetenesta
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Andre einingar i Vestland fylkeskommune, ORO-HR
Tidsperiode	2025 - 2027
Ressursar/finansiering	Vestland tannhelseteneste, innanfor eksisterande rammer
Evaluering ev. indikator/måling	Ferdig rutine og implementeringsplan. Implementeringsplanen skal innehalde måle- og evalueringspunkt.

Tannhelsetenesta må styrke samarbeidet med relevante samarbeidspartar som skal følge opp pasientane før, under og etter behandling for å sikre at behandlinga blir vellukka.

(Strategisk plan 2024 – 2036)

Tiltak 10	Jamlege nytilsettsamlingar tilpassa Vestland tannhelseteneste
Forankring	Innsatsområde 2: Kompetanse og forskning. Strategi: avgrense gjennomtrekk av personell og auka rekruttering.
Føremål med tiltaket	Gi alle nytilsette generell kunnskap og den kompetansen dei treng for å kunne gjere ein god jobb i Vestland tannhelseteneste
Kva kunnskap ligg til grunn for tiltaket?	Temaplan for tannhelsetenesta
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Andre einingar i Vestland fylkeskommune, ORO-HR
Tidsperiode	2025 – 2026 plan over samlingar. 2025 – 2036 gjennomføring.
Ressursar/finansiering	Vestland tannhelseteneste, innanfor eksisterande rammer
Evaluering ev. indikator/måling	Ferdig plan og iverksetting av nytilsettsamling. Årleg evaluering av nytilsettsamlinga.

Tiltak 11	Etablere og implementere rutinar for mentorordning og kollegastøtte
Forankring	Innsatsområde 2: Kompetanse og forskning. Strategi: avgrense gjennomtrekk av personell og auka rekruttering.
Føremål med tiltaket	Utarbeide mentorordning og kollegastøtte, der det blir lagt til rette for ekstra ressursar slik at mentor (fagperson) og støttepersonar har rom og rammer til å kunne gi tett oppfølging. Enkelte tilsette får ei særleg rolle, opplæring og tid som mentor eller kollegastøtte.
Kva kunnskap ligg til grunn for tiltaket?	Temaplan for tannhelsetenesta
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Andre einingar i Vestland fylkeskommune og tannhelsetenesta i andre fylke
Tidsperiode	2026 – 2028 ferdig rutine. 2026 – 2036 gjennomføring.
Ressursar/finansiering	Vestland tannhelseteneste, innanfor eksisterande rammer
Evaluering ev. indikator/måling	Ferdig plan og iverksetting av mentorordning og kollegastøtte. Årleg evaluering av ordninga.

Tiltak 12	Utarbeide tiltaksplan for nærværarbeid tilpassa Vestland tannhelseteneste
Forankring	Innsatsområde 2: Kompetanse og forskning. Strategi: avgrense gjennomtrekk av personell og auka rekruttering. Nærværstiltak frå eigeidomsavdelinga.
Føremål med tiltaket	Auke nærværet i tannhelsetenesta
Kva kunnskap ligg til grunn for tiltaket	Temaplan for tannhelsetenesta
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Andre einingar i Vestland fylkeskommune, ORO-HR
Tidsperiode	2025
Ressursar/finansiering	Vestland tannhelseteneste, innanfor eksisterande rammer
Evaluering ev. indikator/måling	Ferdigstilling av tiltaksplan for nærværarbeid og plan for implementering av nærværstiltaka. Implementeringsplanen skal innehalde måle- og evalueringspunkt.

*Rom for utvikling og kompetanseheving er også viktige faktorar for å rekruttere og stabilisere personell.
(Strategisk plan 2024 – 2036)*

Tiltak 13	Utarbeide strategi for rekruttering av tannhelsepersonell i Vestland tannhelseteneste
Forankring	Innsatsområde 2: Kompetanse og forskning. Strategi: avgrense gjennomtrekk av personell og auka rekruttering.
Føremål med tiltaket	Vestland tannhelseteneste skal jobbe systematisk for å vere ein attraktiv arbeidsplass. Det er viktig å oppretthalde møteplassar med aktuelle søkarar, vere synleg og få fram kva moglegheiter som finst i tannhelsetenesta i Vestland.
Kva kunnskap ligg til grunn for tiltaket?	Temaplan for tannhelsetenesta
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Andre einingar i Vestland fylkeskommune, ORO-HR. Utdanningsinstitusjonar.
Tidsperiode	2025 - 2028
Ressursar/finansiering	Vestland tannhelseteneste, innanfor eksisterande rammer
Evaluering ev. indikator/måling	Ferdig strategi og oppfølging av målepunkt i strategien

*Dersom tannhelsetenesta
lukkast med å vere ein god
praksisplass, vil det bidra i
rekrutteringa til tenesta.
(Strategisk plan 2024 – 2036)*

Tiltak 14	Auke leiarkompetansen i tannhelsetenesta
Forankring	Innsatsområde 2: Kompetanse og forskning. Strategi: betre leing og støttefunksjonar. Innsatsområde 4: Berekraftig organisering. Strategi: sikre ei berekraftig organisering.
Føremål med tiltaket	Sette krav til at nye leiarar i tannhelsetenesta har formell leiarkompetanse eller er villig til å skaffe seg formell leiarkompetanse innan avtalt tid
Kva kunnskap ligg til grunn for tiltaket?	Temaplan for tannhelsetenesta
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Andre einingar i Vestland fylkeskommune, ORO-HR
Tidsperiode	2025
Ressursar/finansiering	Vestland tannhelseteneste, innanfor eksisterande rammer
Evaluering ev. indikator/måling	Årleg evaluering av tal leiarar med formell leiarutdanning/ kompetanse i Vestland tannhelseteneste

*Vestland tannhelseteneste
ønsker å ha fagmiljø der det er lagt
til rette for læring, erfaringsutveksling,
samhandling, forskning og
kunnskapsdeling i den
kliniske kvardagen.
(Strategisk plan 2024 – 2036)*

Tiltak 15	Utarbeide kompetansestrategi
Forankring	Innsatsområde 2: Kompetanse og forskning. Strategi: betre leing og støttefunksjonar. Innsatsområde 4: Berekraftig organisering. Strategi: betre oversikt. Helsepersonellova .
Føremål med tiltaket	Tannhelsetenesta har behov for ein overordna kompetansestrategi for tenesta. Det skal gå fram av strategien kva kurs og kompetanse vi har behov for, vi skal skaffe og vidareutvikle. Revisjon av kursplanar og fordeling av kursmidlar inngår i dette arbeidet.
Kva kunnskap ligg til grunn for tiltaket?	Temaplan for tannhelsetenesta
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Vestland fylkeskommune
Tidsperiode	2026 - 2028
Ressursar/finansiering	Vestland tannhelseteneste, innanfor eksisterande rammer
Evaluering ev. indikator/måling	Godkjent kompetansestrategi og plan for implementering. Oppfølging av målepunkt i ferdig strategi.

*Målet er at tilsette skal kjenne seg godt tatt vare på, at dei kjenner seg fagleg trygge og har eit fagleg og sosialt fellesskap.
(Strategisk plan 2024 – 2036)*

Tiltak 16	Auke fokus på tenesteforskning og praksisnær forskning
Forankring	Innsatsområde 2: Kompetanse og forskning. Strategiar: <ul style="list-style-type: none"> • utvikle kompetansen i tenesta • auke fokus på tenesteforskning og praksisnær forskning. Innsatsområde 4: Berekraftig organisering. Strategi: sikre berekraftig organisering.
Føremål med tiltaket	Tannhelsetenesta skal auke fokus på tenesteforskning og praksisnær forskning ved å vere tydelegare på tenesta sitt behov og legge til rette for at personell i tannhelsetenesta i større grad kan delta i denne forskinga
Kva kunnskap ligg til grunn for tiltaket?	Temaplan for tannhelsetenesta
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Forskings- og utviklingsmiljø (FOU)
Tidsperiode	2026 - 2036
Ressursar/finansiering	Vestland tannhelseteneste, innanfor eksisterande rammer
Evaluering ev. indikator/måling	Måle tal artiklar/prosjekt der klinisk tannhelsepersonell har inngått i arbeidet

Målet for forskinga bør vere å bidra til ei meir kunnskapsbasert og effektiv tannhelseteneste med høg kvalitet og pasienttryggleik.

(Strategisk plan 2024 – 2036)

Tiltak 17	Etablere arbeidsgruppe og handlingsplan knytt til arbeidsmiljø, arbeidsvilkår og trivsel i tannhelsetenesta
Forankring	Innsatsområde 2: Kompetanse og forskning. Strategi: avgrense gjennomtrekk av personell og auke rekruttering. Avonova si brukarundersøking. Medarbeidarundersøking.
Føremål med tiltaket	Betre arbeidsmiljø, arbeidsvilkår og trivsel i tannhelsetenesta
Kva kunnskap ligg til grunn for tiltaket?	Temaplan for tannhelsetenesta
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Avonova. Andre einingar i Vestland fylkeskommune, ORO-HR.
Tidsperiode	2025 - 2036
Ressursar/finansiering	Vestland tannhelseteneste, innanfor eksisterande rammer
Evaluering ev. indikator/måling	Skåre på medarbeidarundersøkinga

Tiltak 18	Utarbeide matrise over oppgåver og verktøy, inkludert ansvar, opplæring og fordeling
Forankring	Innsatsområde 2: Kompetanse og forskning. Strategi: betre oppgåvefordeling.
Føremål med tiltaket	Tydeleggjere roller, ansvar og eigarskap for oppgåver i tannhelsetenesta. Sikre systematisk opplæring i alle oppgåver og verktøy.
Kva kunnskap ligg til grunn for tiltaket?	Temaplan for tannhelsetenesta
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Tannhelsetenesta i andre fylke
Tidsperiode	2027 - 2029
Ressursar/finansiering	Vestland tannhelseteneste, innanfor eksisterande rammer
Evaluering ev. indikator/måling	Etablere og evaluere matrise og vurdere i kva grad tilsette opplever oversikt og kjennskap til oppgåver og verktøy

Tiltak 19	Vidareutvikle TOO og bygge ut TBIT i Vestland
Forankring	Innsatsområde 2: Kompetanse og forskning. Strategi: meir tverrfaglege spesialiserte tenester.
Føremål med tiltaket	Vestland tannhelseteneste skal vidareutvikle tilbodet til tortur- og overgrepsutsette og personar med odontofobi (TOO) innafør gjeldande rammer og bygge ut tilbodet «Trygge barn i tannbehandling» (TBIT). Samlokalisere Senter for Odontofobi (SFO) og bygge eit solid fagmiljø som server dei andre tverrfaglege teama og tannklinikane i fylket (inkludert TOO og TBIT).
Kva kunnskap ligg til grunn for tiltaket?	Temaplan for tannhelse
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Tannhelsetenesta i andre fylke og kompetansesentera
Tidsperiode	2026 - 2036
Ressursar/finansiering	Finansiering utover eksisterande rammer. Kostnader med tiltaket må vurderast i samband med årlege budsjett- og økonomiplanar.
Evaluering ev. indikator/måling	Oppfølging av punkt i framdriftsplan for samlokalisert SFO. Evaluere tal pasientar som blir ferdigbehandla i TOO og TBIT og ventetid for tilbodet.

Det er særleg behov for forskning på kva førebyggjande og helsefremmande tiltak i tannhelsetenesta som er effektive og bør prioriterast.

(Strategisk plan 2024 – 2036)

Tiltak 20	Samlokalisere tannhelsetenesta sitt kompetansesenter i Vestland (TkVestland)
Forankring	Innsatsområde 2: Kompetanse og forskning. Strategi: meir tverrfaglege spesialiserte tenester.
Føremål med tiltaket	Samlokalisere spesialistklinikken og forskingsavdelinga og bygge ein solid base for fagmiljøet som kan serve tannhelsetenesta i tråd med fylkestingsvedtak og rapport om samlokalisering av TkVestland
Kva kunnskap ligg til grunn for tiltaket?	Temaplan for tannhelsetenesta. Rapport frå PwC 2024: <i>Utredning av lokale til Tannhelsetjenestens kompetansesenter Vestland.</i>
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Helse og omsorgsdepartementet og Helsedirektoratet
Tidsperiode	2025 - 2030
Ressursar/finansiering	Finansiering utover eksisterande rammer. Kostnadar med tiltaket må vurderast i samband med årlege budsjett- og økonomiplanar.
Evaluering ev. indikator/måling	Oppfølging av punkt i framdriftsplan for samlokalisert TkVestland

*Forskning er ein føresetnad for kunnskapsutvikling.
(Strategisk plan 2024 – 2036)*

Tiltak 21	Kartlegge moglegheit for meir fleksibel klinikkdrift
Forankring	Innsatsområde 2: Kompetanse og forskning. Strategi: avgrense gjennomtrekk av personell og auke rekruttering. Innsatsområde 3: Kvalitet og pasienttryggleik. Strategi: meir tilgjengelege og rettferdige tenester. Fylkestingsvedtak november 2023 (PS 94/2023) .
Føremål med tiltaket	Vurdere utvida opningstid på enkelte klinikkar med turnusarbeid for tilsette, eventuelt opprette nye stillingar på ettermiddagar. Kartlegge moglegheitene for ei meir fleksibel klinikkdrift som kjem pasientar og tilsette til gode. Behova til pasientane og tilsette skal avgjere kva løysingar som blir valt.
Kva kunnskap ligg til grunn for tiltaket?	Temaplan for tannhelsetenesta
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Andre einingar i Vestland fylkeskommune, ORO-HR.
Tidsperiode	2025 - 2029
Ressursar/finansiering	Vestland tannhelseteneste, innanfor eksisterande rammer
Evaluering ev. indikator/måling	Ferdig rapport og plan for implementering. Implementeringsplanen skal innehalde måle- og evalueringspunkt.

Målet er å tilby rett teneste, til rett pasient, på rett måte og til rett tid slik at pasienten og samfunnet får mest mogleg gevinst ut av ressursane som er brukt.
(Strategisk plan 2024 – 2036)

Innsatsområde 3: Kvalitet og pasienttryggleik

Mål:

Pasientane i Vestland tannhelseteneste skal få nødvendige og trygge tenester av god kvalitet.

Strategiar:

- Meir systematisk kvalitetsarbeid
 - Jobbe systematisk med kvalitetsforbetring og pasienttryggleik i tråd med [«Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten»](#)
 - Bruke kvalitetsmålingar, pasienterfaringar og læring av uønskt hendingar i utforminga av tenestetilbodet og i det systematiske forbetringsarbeidet
- Verknadsfulle tannhelsetenester
 - Sikre medisinsk og odontologiske kvalitet gjennom
 - gode fagmiljø
 - tannhelsepersonell med god fagteknisk kompetanse som har høve til å utvikle og oppretthalde fagteknisk kompetanse
 - støttefunksjonar som kan rådgje, kurse og gi fagteknisk støtte til tenesta
 - evaluering av medisinske- og odontologiske kvalitetsindikatorar i tenesta
 - Sikre omsorgskvalitet gjennom
 - tannhelsepersonell som skaper gode relasjonar og tillit, god kompetanse på åtferdsfag, odontologisk psykologi og kommunikasjon
 - tannhelsepersonell som har høve til å utvikle og halde kompetansen ved like på same måte som den fagtekniske kunnskapen
 - støttefunksjonar som kan rådgje, kurse og gi støtte til tenesta i åtferdsfag
 - evaluering av indikatorar for omsorgskvalitet i tenesta
 - Etablere ein klinikkstandard som ligg til grunn ved fysisk utforming av tannklinikkar i Vestland
 - Sikre at tannhelsetenesta har akseptable ventetider og god flyt i pasientforløpa
- Trygg og sikker tannhelseteneste
 - Sikre at tannhelsepersonell melder frå om uønskte hendingar, nesten ulukker og skadar ved å ha
 - ein leiarstruktur og leiarar som fremjar god melde- og læringskultur
 - eit arbeidsmiljø med tilstrekkeleg psykologisk tryggleik til å melde
 - tid og kapasitet til å melde
 - eit lett tilgjengeleg og brukarvenleg meldesystem
 - tannhelsepersonell som fangar opp at det har skjedd ei uønskt hending og meiner den er utanfor pårekeleg risiko
 - god saksbehandling av meldingar der meldar får tilbakemelding og tiltak blir sett i verk

- Sikre nok og riktig kompetanse i form av personell
- Sikre at dei tilsette opplever psykologisk tryggleik, trivsel, anerkjenning, medverknad, tydelege roller og oppgåver
- Sikre god kommunikasjon
- Bygge kultur for openheit og læring
- Jobbe systematisk med arbeidsmiljø.
- Tydeleggjere kva plikta til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere omfattar
- Jobbe systematisk med tryggleik og ta godt vare på pasient og utøvar når feil skjer
- Meir involverande teneste
 - Legge til rette for medverknad på både på individ- og systemnivå
 - Legge til rette for at pasienten sjølv kan vere med å bestemme over eigen helse og behandling
 - Tilpasse informasjonen til pasienten og pårørande og sikre at informasjonen blir forstått
 - Sørge for systematisk innhenting av erfaringar og synspunkt frå pasientar og pårørande og at dette blir brukt i forbetring av tenesta
- Meir samordna tannhelseteneste prega av kontinuitet
 - Tett samarbeid med andre tenester som følger opp pasientane i den offentlege tannhelsetenesta der ansvar, mynde og oppgåver er tydeleg fordelt
 - Jobbe for stabil bemanning ved klinikkane og gode samordna tenester med god flyt og kontinuitet
 - Jobbe for ein infrastruktur i tenesta som lettar tverrfagleg kommunikasjon og samhandling
- Meir ressurseffektiv tannhelseteneste
 - Få på plass strategisk plan for tannhelsetenesta og følge opp denne
 - Få oversikt over tenesta, planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere aktivitetane i tenesta
 - Få på plass betre styringssystem og -strukturar i tenesta
 - Tydeleggjere ansvar, roller, oppgåver og mynde i tenesta og følge desse opp
 - Få på plass tiltaksplanar for ei berekraftig organisering av tannhelsetenesta
- Meir tilgjengeleg og rettferdig fordelt tannhelseteneste
 - Bidra til mindre sosial ulikskap og mindre utanforskap
 - Legge opp tenester og tilbod slik at pasientar, pårørande og samarbeidspartar lettast mogleg kan vite kven som har rettar i den offentlege tannhelsetenesta, kva tenesta kan tilby og hjelpe med og korleis ein kan komme i kontakt og ta i mot tenestene
 - Ha god geografisk spreining for å sikre akseptabel reisetid til tilbodet
 - Ha akseptable ventetider på å komme til behandling og pasientforløp med god flyt

Tiltak:

Tiltak 22	Utvikle kommunikasjonsplan
Forankring	Innsatsområde 3: Kvalitet og pasienttryggleik. Strategiar: <ul style="list-style-type: none">• meir involverande teneste• meir samordna tannhelseteneste prega av kontinuitet
Føremål med tiltaket	Systematisere informasjonsflyt til pasientar, tilsette og samarbeidspartar
Kva kunnskap ligg til grunn for tiltaket?	Temaplan for tannhelse
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Andre einingar i Vestland fylkeskommune, ORO-Kommunikasjon
Tidsperiode	2026 - 2028
Ressursar/finansiering	Vestland tannhelseteneste, innanfor eksisterande rammer
Evaluering ev. indikator/måling	Ferdig kommunikasjonsplan og plan for implementering. Implementeringsplanen skal innehalde måle- og evalueringspunkt.

Kvalitetsmålingar, pasienterfaringar og læring av uønskte hendingar er viktig i utforming av tenestetilbod og systematisk forbetningsarbeid.

(Strategisk plan 2024 – 2036)

Tiltak 23	Forbetring og opplæring i avvikssystemet
Forankring	Innsatsområde 3: Kvalitet og pasienttryggleik. Strategi: trygg og sikker tannhelseteneste.
Føremål med tiltaket	Gjere systemet for registrering av uønskte hendingar, nestenulykker og skadar meir brukarvenleg og tilpassa tannhelsetenesta, inkludert systematisk opplæring og oppfølging av avviksmodulen i kvalitetssystemet
Kva kunnskap ligg til grunn for tiltaket?	Temaplan for Vestland tannhelseteneste
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Tannhelsetenesta i andre fylke
Tidsperiode	2025 - 2029
Ressursar/finansiering	Vestland tannhelseteneste, innanfor eksisterande rammer
Evaluering ev. indikator/måling	Tal avvik sett opp mot tal tilsette/pasientar

*For å lære av uønskte hendingar, nesteulukker og skadar så er det ein føresetnad at tannhelsepersonell melder frå om hendingar.
(Strategisk plan 2024 – 2036)*

Tiltak 24	Utvikle system for analyse og oppfølging av kvalitetsindikatorar
Forankring	Innsatsområde 3: Kvalitet og pasienttryggleik. Strategiar: <ul style="list-style-type: none"> • trygg og sikker tannhelseteneste • meir systematisk kvalitetsarbeid.
Føremål med tiltaket	Utvikle system for analyse og rapportar for status og drift av ulike mål og indikatorar som er aktuelle for tenesta slik at tenesta kan gjere kunnskapsbaserte tiltak og ha oversikt. Kartlegge og hente inspirasjon frå andre fylker (t.d. Nordland sine månadsrapportar/analyser og Møre og Romsdal sine årsrapportering på fylkesmåla).
Kva kunnskap ligg til grunn for tiltaket?	Temaplan for tannhelse
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Tannhelsetenesta i andre fylke
Tidsperiode	2026 - 2028
Ressursar/finansiering	Vestland tannhelseteneste, innanfor eksisterande rammer
Evaluering ev. indikator/måling	Ferdig system og plan for implementering. Implementeringsplanen skal innehalde måle- og evalueringspunkt.

Kvalitetsmålingar, pasienterfaringar og læring av uønskte hendingar er viktig i utforming av tenestetilbod og systematisk forbetningsarbeid.

(Strategisk plan 2024 – 2036)

Tiltak 25	Etablere årshjul
Forankring	Innsatsområde 3: Kvalitet og pasienttryggleik. Strategiar: <ul style="list-style-type: none"> • bygge solide fagmiljø • meir samordna tannhelseteneste prega av kontinuitet.
Føremål med tiltaket	Det er behov for ein systematisk langsiktig plan der det er tydeleg kva oppgåver som skal gjerast, kven som har ansvar for å gjere dei, gjennomføring, dokumentasjon og evaluering av oppgåva. Dette bør samlast i eit årshjul.
Kva kunnskap ligg til grunn for tiltaket?	Temaplan for tannhelse
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Tannhelsetenesta i andre fylke
Tidsperiode	2025 - 2027
Ressursar/finansiering	Vestland tannhelseteneste, innanfor eksisterande rammer
Evaluering ev. indikator/måling	Evaluere i kva grad oppgåver i årshjulet blir svart ut og fylgt opp

*Tannhelsetenesta skal ha tydelege planar som er godt kjent og blir gjennomført i tenesta.
(Strategisk plan 2024 – 2036)*

Tiltak 26	Samarbeid med privat sektor med fritt brukarval for pasientar i gruppe C2 (langtidssjuka i heimesjukepleie)
Forankring	Innsatsområde 3: Kvalitet og pasienttryggleik. Strategi: meir samordna tannhelseteneste prega av kontinuitet. Rundskriv I-2/2024 Styrket fylkeskommunalt tannhelsetilbud Fylkestingsvedtak oktober 2024 (PS 114/2024)
Føremål med tiltaket	Inngå avtale med alle private tannbehandlarar som ønsker det og som innfrir kravspesifikasjon, til dømes bruk av offentleg takst og rapportering av pasientstatistikk. Pasienten står fritt til å velje å ta i mot tilbod ved offentleg eller privat klinikk med avtale. Føremålet med tiltaket er å sikre kontinuitet, stabilitet og tilgjenge for ei pasientgruppe som allereie får oppfølging hos privat teneste. Samarbeid med privat tannhelsesektor om målgruppa lettar kapasitetsutfordringa i den offentlege tannhelsetenesta.
Kva kunnskap ligg til grunn for tiltaket?	Temaplan for tannhelsetenesta
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Privat tannhelsepersonell. Kommunar.
Oppstart/tidsperiode	2025 - 2027
Ressursar/finansiering	Vestland tannhelseteneste, innanfor eksisterande rammer
Evaluering ev. indikator/måling	Inngått rammeavtalar og plan for ev. iverksetting av kjøp av private tenester

Tannhelsetenesta er særleg avhengig av det tverrfaglege samarbeidet på tvers av tenester og forvaltingsnivå for å kunne sikre pasientar med rettar i den offentlege tannhelsetenesta samordna tenester.

(Strategisk plan 2024 – 2036)

Tiltak 27	Vurdere teknologi som effektiviserer behandling og minskar tid brukt på administrasjon
Forankring	Innsatsområde 3: Kvalitet og pasienttryggleik. Strategi: meir ressurseffektiv tannhelseteneste.
Føremål med tiltaket	Undersøke og vurdere kva teknologiske tiltak som er mogleg å gjere for å sikre at tilsette brukar mindre tid på administrasjon, rapportering og loggføring. Frigjere tid hos tannhelsepersonellet til fagoppgåver, pasientbehandling og fagutvikling for å få ei meir ressurseffektiv og trygg teneste.
Kva kunnskap ligg til grunn for tiltaket?	Temaplan for tannhelse
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Andre einingar i Vestland fylkeskommune. Andre aktuelle leverandørar.
Tidsperiode	2025 - 2036
Ressursar/finansiering	Finansiering utover eksisterande rammer. Kostnadar med tiltaket må vurderast i samband med årlege budsjett- og økonomiplanar.
Evaluering ev. indikator/måling	Måle kor mykje tid/ressursar som går med til administrativt arbeid før og etter tiltaket. Undersøke med tilsette om dei opplever meir frigitt tid til fagoppgåver, pasientbehandling og fagutvikling.

*Tenesta må ha eit mål om å robotisere og automatisere manuelle prosessar for å frigje ressursar og minske risiko for feil.
(Strategisk plan 2024 – 2036)*

Innsatsområde 4: Berekraftig organisering

Mål:

Tannhelsetenesta i Vestland skal ha ei berekraftig organisering

Strategiar:

- Innfri befolkningsansvaret
 - Ansvar i folkehelsearbeid
 - Sikre heile befolkninga tilgang til eit likeverdig tannhelsetilbod av god kvalitet som bidreg til å utjamne sosiale forskjellar
 - Ansvar for beredskap
 - Bidra i utdanning av personell, kompetanseutvikling i tenesta og forskning
- Innfri gruppeansvaret
 - Gi eit oppsøkande og regelbunde tilbod til bestemte grupper og tilby nødvendige tannhelsetenester
 - Gi eit tilbod til vaksne i område der private tilbod ikkje finst
- Betre oversikt
 - Skaffe oversikt over dei samla offentlege og private tannhelseressursane i fylket
 - Skaffe oversikt over kva kompetanse som finst og kva kompetanse det er behov for i Vestland
 - Jobbe for å få oversikt over og tilgang til informasjon om kven tenesta skal gi eit tilbod til. Informasjonen må bli overført eller gjort tilgjengeleg for tannhelsetenesta på ein meir automatisert, systematisk og oversiktleg måte
 - Ha kvalitetssystem som sikrar styring og systematisk kvalitetsforbetring
- Prioritere
 - Prioritere førebygging framfor behandling
 - Skaffe meir kunnskap om effekten av tiltak i tannhelsetenesta
 - Ha strategiar og verktøy for å systematisere og dokumentere dei prioriteringane tenesta gjer
 - Prioritere i samsvar med prioriteringskriteria nytte, ressurs og alvor
- Sikre ei berekraftig organisering
 - Få på plass ein samla oversikt over det eksisterande offentlege og private tannhelsetilbodet i fylket, oversikt over pasientgrunnlaget i antal og grupper og deira behandlingsbehov
 - Vurdere dimensjonering og lokasjon av tannhelsetilbodet som sikrar
 - kvalifisert stabil bemanning
 - forsvarlege ventetider
 - akseptable reisetider

- Vurdere korleis tenesta best mogleg utnyttar
 - personellressursar (kompetansesamansetnad, oppgåvefordeling, effektivitet)
 - utstyrsressursar (vedlikehald, effektivitet)
 - materiellressursar (kvalitet, tryggleik, beredskap)
- Sikre at behovet til pasienten, pårørande og tannhelsepersonellet er styrande for utviklinga av tenesta
- Sikre at tenesta er fleksibel og tilpassingsdyktig nok til å også møte framtidige utfordringar

Tiltak:

Tiltak 28	Utarbeide ny tenestestruktur inkludert klinikkstrukturplan for Vestland tannhelseteneste
Forankring	Innsatsområde 4: Berekraftig organisering. Strategi: sikre ei berekraftig organisering. Fylkestingsvedtak oktober 2024 (PS 114/2024)
Føremål med tiltaket	Utarbeide ein berekraftig og fleksibel organisering av tannhelsetenesta og ein tenestestruktur som bygger på ein strategisk, langsiktig og heilskapleg tilnærming til utfordringar knytt til folkehelse, demografi, tilgang på kompetanse, kvalitet i tenesta og tilgjenge for pasientane
Kva kunnskap ligg til grunn for tiltaket?	Temaplan for tannhelse. Kunnskapsgrunnlag (lokasjonsanalyse) knytt til utarbeiding av strategisk plan for Vestland tannhelseteneste.
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Andre einingar i Vestland fylkeskommune. Tannhelsetenesta i andre fylke.
Tidsperiode	2025 - 2026
Ressursar/finansiering	Vestland tannhelseteneste, innanfor eksisterande rammer
Evaluering ev. indikator/måling	Ferdig tenestestruktur

*Kvalifisert stabil bemanning er avgjerande både for å kunne tilby eit forsvarleg tilbod av god kvalitet, men også for å sikre tilgjenge.
(Strategisk plan 2024 – 2036)*

Tiltak 29	Styrke og utvide kapasiteten i offentlege tannhelseteneste
Forankring	Innsatsområde 4: Berekraftig organisering. Strategi: sikre ei berekraftig organisering. Fylkestingsvedtak juni 2025 (PS 56/2025)
Føremål med tiltaket	Det er eit mål at den offentlege tannhelsetenesta skal kunne gje fleire pasientar med behandlingsrett tilbod om behandling, samtidig som ein kan gje tilbod til betalande pasientar for betre å sikre rekrutteringa. Styrke og utvide kapasiteten i den offentlege tannhelsetenesta, satse på robuste einingar også i distrikta og ha eit samarbeid med private i område der det er store avstandar til neste tannklinikk.
Kva kunnskap ligg til grunn for tiltaket?	Fylkespolitisk vedtak
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Tannhelsetenesta i andre fylke.
Tidsperiode	2025 - 2026
Ressursar/finansiering	Vestland tannhelseteneste, innanfor eksisterande rammer
Evaluering ev. indikator/måling	Ferdig tenestestruktur

Tiltak 30	Legge tannhelse til eit politisk hovudutval
Forankring	Innsatsområde 4: Berekraftig organisering. Strategi: sikre ei berekraftig organisering. Fylkestingsvedtak juni 2025 (PS 56/2025)
Føremål med tiltaket	Fylkesdirektøren kjem tilbake med sak der tannhelse blir lagt til eit politisk hovudutval.
Kva kunnskap ligg til grunn for tiltaket?	Fylkespolitisk vedtak
Ansvar	Vestland tannhelseteneste
Samarbeidspartar	Tannhelsetenesta i andre fylke.
Tidsperiode	2025 - 2026
Ressursar/finansiering	Vestland tannhelseteneste, innanfor eksisterande rammer
Evaluering ev. indikator/måling	Ferdig politisk sak

vestlandfylke.no